



## ÅRSMELDING FOR 2023

### **Styret og anna representasjon for 2023:**

Årsmøte blei halde 23. mars 2023 i Nye Sjodar på Evju bygdetun.

Etter valkomiteen sitt framlegg blei desse valde:

Peder Rekkedal, ny leiar, Torstein Fosstveit, attval, Birgit Norendal, attval, Pål Toreid, attval, Kirsti Hegna, ikkje på val og Olav Forberg ikkje på val.

Varamedlemer: Johannes Ryen, ny og Olav Morten Sauar, ny

Revisorar: Gunhild Kleven Ripegutu attval

Valnemnd: Audun Grane og Olav Morten Sauar (som gikk inn som varamedlem til styret)

**Evju Bygdetun** har ansvaret for Sauherad lokalhistoriske arkiv. Torstein Fosstveit er historielaget sin representant til arbeidsgruppa som organiserer arbeidet med arkivet. Han kan peike ut hjelpar frå laget når det er trøng for det.

Historielaget er medlem av **Midt-Telemark Museum**. Midt-Telemark Museum er etablert av Bø Museum, Bø Prestegard, Evju Bygdetun, Hørte Dampfarveri og Sauherad Historielag. Føremålet er å styrke arbeidet med kulturarv i Midt-Telemark.

Peder blir historielaget sin representant i styret.

Historielaget er medlem av **Landslaget for lokalhistorie**.

### **Medlemer og æresmedlemer.**

Talet på medlemmer pr. 31.12.2023 er 42 familemedlemer og 41 einskildmedlemer.

Eivind Lønheim blei takka av som styreleiar i mange år og utnemnd til æresmedlem i Sauherad historielag for fortjenestefull innsats i laget frå 2011 til 2023.

Historielaget hadde med dette følgjande æresmedlemer i 2023:

Bjørn Holta, Ole Thor Ripegutu, Eivind Lønheim.

## **Styrearbeid**

Styret har hatt 6 styremøte i 2023, utover det har det vore jamleg kontakt på telefon og epost når det har vore naudsynt.

Styremedlemer og andre medlemer har arbeida aktivt med følgjande prosjekt:

### **Kultursoga for Sauherad**

“Kultursoga for Sauherad” blei lansera på ei tilstelling på Brage Bok i Bø 24.nov. Dei fleste forfattarane var til stades, saman med redaksjonskomiteen og andre frå styret, og ellers interesserte. Boka blei på 400 sider og kostar kr 500,- pr eks. Opplaget er på 1000 eks. Salet har vore tilfredsstillande med omlag halvparten seld allereie.

**Sauherad-kalenderen** er eit samarbeid med Nes og Saude Bygdetunlag og blei i år trykt i 400 eksemplar. Omlag 350 er seldie.

**Vikingvegen** er eit prosjekt i regi av Kulturav i Vestfold og Telemark fylkeskommune for å løfte fram historia om aktiviteten frå Borre i Vestfold til Møsvatn på Hardangervidda. Gårahaug er ein del av prosjektet.

Økonomien i Sauherad Historielag er god.

Styret vil takke for godt samarbeid med medlemer, andre interesserte og organisasjonar vi har aktivitetar saman med.

Gvarv, 4. mars 2024

Peder Rekkedal, Torstein Fosstveit, Birgit Norendal, Pål Toreid, Kirsti Hegna og Olav E. Forberg.